



Nygaard Elektro

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/9 - 23/571

Saksbehandlar:  
Tonje Husum Aarland  
tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no

Dato:  
22.02.2023

## Svar - Tilskot frå Næringsfondet til Nygaard Elektro

Næringsfondsstyret i Modalen kommune har i sak 005/2023, d. 31.01.2023, gjort følgjande vedtak knytt til søknaden om tilskot frå næringsfondet frå Nygaard Elektro:

### **NF- vedtak:**

*Modalen kommune løyver kr. 400 000,- i tilskot og 225 000,- i lån, som samla sett er 50 % i lån og tilskot, til Nygaard Elektro til innkjøp av servicebil med inventar, samt diverse utstyr og ikt-/dataverktøy. Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:*

- 1. Tilskotet og lånet skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg.*
- 2. Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.*
- 3. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.*
- 4. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.*
- 5. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotsgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.*
- 6. Lån over kr 50 000,- skal sikrast med pant.*

*Vedtaket er heimla i Vedtekter for næringsfondet (KS-sak 045/2017).*

Ber om at alle dokumenterte kostnader vert sendt samla til Modalen kommune via post eller e-post, merka: «Modalen næringsfond, sak 23/9».

Ta gjerne kontakt direkte med undertekna på e-post: [tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no](mailto:tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no) eller tlf.: 928 58 413 om det er spørsmål knytt til tilskotet.

Med helsing

Tonje Husum Aarland

Ass. rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

**Mottakere:**  
Nygard Elektro